



Atle Kleiven
Mykingvegen 1272
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8447 - 21/55628

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
24.08.2021

Avslutta sak om mogeleg ulovleg tilfelle - gbnr 38/7 Hodne

Byggjestad: Gbnr: 38/7
Tiltakshavar: Atle Kleiven

Det vert vist til brev av 28.05.21 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til utfylling av massar mot sjø.

I brev frå deg av 08.06.21 og påfølgjande telefonsamtale forstår vi saka slik at det ikkje pågår utfylling av massar mot sjø.

Kommune har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på redegjørelse per brev og samtale på telefon. Vi legg til grunn at det ikkje pågår ulovleg tiltak i strandsona og legg difor vekk saka.

I brevet frå deg vart det teke opp fleire andre forhold som ikkje vedkjem denne saka og meldinga vi mottok om mulig ulovleg tilfelle. Dersom du har uavklarte saker med vann- og avløpsavdelinga i kommunen ber vi om at du tek kontakt med dei for å løyse opp i dette. Dersom du meiner kommunen eller andre personar har gjort ulovlege tiltak, er Miljø og tilsyn rett instans for å handtere det. I så tilfelle ber vi om at du melder inn kva ulovlige tilfeller du meiner vi bør sjå på i ei ny melding til oss, slik at vi kan opprette ei ny sak på det.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8447

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Kleiven

Mykingvegen 1272

5957

MYKING